

I samsvar med vedtak i Areal, plan- og miljøutvalet 10.6.2020, sak 099/20 varslast om oppstart av planarbeid for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik Gbnr. 188/ 406, 420 og 802 mfl. PlanID 4631 2020 002.

Tilkomst til o_BOP2, mellombels parkering

Det har gjennom heile prosessen rundt bygging av helsehuset vore tydeleg kommunisert ut at det ikkje vert parkeringsplassar på bakkeplan for tilsette (der er park plassar til besøkande under bakkeplan). Sjølv om ein del tilsette ved helsehuset har vore frustrerte over dette, har kommunen vore bestemt på dette. Vi ser at andre utbyggjarar får pålegg om å legge parkering under bakkeplan, og tar det som ein sjølvfølge at kommunen ikkje lagar dispensasjon for eigen vinning og lagar parkering (midlertidig for den som trur på det) til seg sjølv.

Dette området er planlagt som overgang mellom allmenningen, helsehuset og rekreasjonsområdet/parken ved Kvasnesstemma (Kvalitetsprogram for Knarvik s 31). Dette området bør de sette i stand som ein mjuk overgang ned til Kvasnesstemma. Slik det ser ut i dag, som eg fryktar det vil sjå ut for mange år framover uavhengig av om der kjem nye parkeringsplassar i sentrum eller ikkje, kan det ikkje sjå ut særleg lengre. Trær er fjerna, steinmassane er massive og inntrykket av dette området når ein går langs Kvasnesstemma er eit trasig syn og hat vore utsett for store naturinngrep siste åra.

Kommunen kan ikkje endre på dette berre for å imøtekomme eit krav frå eigne tilsette. Dette kunne ein gjort noko med mykje tidlegare i prosessen om ein ville. Det var påpeikt allereie tidleg i planleggingsfasen men vart ikkje tatt omsyn til av kommunen. Det får de stå ved!

Rusomsorgsbustader

Det er fint at kommunen no endeleg bygger desse bustadane. Det er eit flott område og gir moglegheit for gode og rolege omgjevnader for menneske som treng det mest.

Dette er også eit mykje nytta område for barn, vaksne og eldre. Det skal framleis vere trygt og hyggeleg for dei å nytte området. Difor ønskjer eg at de ser på plassering av bygget, at det vert trekt så langt bak mot noverande gjenbruksbutikk/KIM som mogeleg. Det må ikkje komme i konflikt med området rundt Kvasnesstemma, og dersom det er aktuelt med ytterlegare utbygging på seinare tidspunkt bør ein heller leite etter anna lokasjon.

I dag finn ein relativt ofte restar frå utstyr brukt av rusmisbrukar. Dette er ikkje noko vi ønskjer for dette området, og det må vere kommunen sitt ansvar å sjå til at dette ikkje vert ei problemstilling dersom det vert robuste bustader her (for øvrig eit veldig spesielt ord om bustader for menneske med utfordringar knytt til rus og psykiatri).

Dette området burde slik eg ser det vore regulert for eldrebustader, då det er sentralt ift kollektivtransport (båt/buss), flott parkområde rundt, nærheit til helse -og omsorgstenester

og butikkar mm. Eg meiner de må sjå på om dette området burde i sin heilskap vore regulert til eldrebustader!

Reinseanlegg

Kvar dag i over 20 år har eg gått rundt Kvassnesstemma på luftetur. Kvar gong eg går der møter eg mange andre, menneske i alle aldre, i same ærend som meg sjølv. Det er folk frå Knarvik, frå Manger, frå Lindås, Meland og frå Bergen. Der er ein ro rundt Kvassnesstemma ein ikkje finn i andre sentrale område i Alver kommune.

Det har sida 1972 stadig vore initiert frå administrasjonen i Lindås kommune at i dette området skal ein bygge industri – og dei omtalar det som industriområde. Dei siste åra har vi med glede sett Knarvikplanen gjere trivselen på nedsida av E39 betre ved å arbeide fram eit meir heilskapleg område. Bygningar og grøntområde heng saman, det er på veg til å bli eit område for gåande og syklande – ikkje for bilar og tungtransport. Kvassnesstemma vert i Kvalitetsprogrammet for Knarvik skildra slik; «Allmenningen og den tilhøyrande parken vil ha eit tydeleg rekreativt preg av helse, folkehelse, rekreasjon, meditasjon og fred skal dyrkast.»

Tomten reinseanlegget er planlagt på er pr i dag regulert til **institusjon (oBIN5)**. Det er langt mellom kloakkreinseanlegg og institusjon. Her burde det vere regulert for eldrebustader eller barnehage – ikkje kloakkreinseanlegg. Eg ber om at de ikkje om regulerer denne til å gjelde kloakkreinseanlegg – det vil vere stor urett mot lokalsamfunnet, men også alle besøkande i Knarvik. Denne type anlegg kan byggast kor som helst – og treng ikkje vere midt i tettbygd område når rekreasjonsområde. Å sette opp eit bygg på 12 m høgd og 1400 m² er hinsides all fornuft. Det vil ligge som ein diger koloss midt i siktsona frå almenningen ned mot sjøen, og den vil ligge like ved sti rundt kvassnesstemma i ganske stort område. Det er ikkje akkurat eit lite bygg vi snakkar om her....

I planen slik den er i dag legg ein opp til sekundærrensing, som tek bort 90% av kloakken. Det er grunn til å tru at det kjem krav om primærrensing i løpet av 7 år. Det vil kanskje kreve større utbygging og meir areal. Vil då dette området ved Kvassnesstemma framleis vere aktuelt?

Næringsdrivande i Knarvik vert oppmoda om å flytte verksemda si ut av sentrumsnære områder i Knarvik. Utruleg spesielt at kommunen sjølv då vil bygge eit reinseanlegg midt i sentrum. Det er uhøyrte.

I orientering til Utval for areal, plan og miljø 3.9.20 vart det informert om at det allereie er brukt mellom 10-20 millionar på røyrrnett knytt mot reinseanlegget. Eg håpar politikarane vil finne ut kor mykje administrasjonen faktisk har brukt, og om dette er kostnadar som politikarane har vedtatt i forkant av denne investeringa og ikkje i etterkant. Det er i litt spesielt om kommunen har brukt 20 millionar på å investere i eit røyrrnett knytt opp til ein tomt regulert for institusjon. Det er noko som ikkje stemmer her. Fint om vi kan få dette forklart ved eit folkemøte el lign.

Eg tenker det ville vore lurt å sjekke ut dette regnskapet. Kanskje dette burde vore ei sak for kontrollutvalet? Dersom ein har brukt 20 mill utan at det er heimla i reguleringsplanar eller politiske vedtak finn eg det underleg.

Ta dykk tid til å finne den beste lokasjonen for reinseanlegget! Vi renser kloakken av miljøomsyn- ikkje på grunn av krav! Vi ønskjer sjølvsagt at kloakken skal reinsast også for dei ca 550 pe som i dag ikkje får klokken sin reinsa. Men å bygge eit anlegg med desse dimensjonane er det ikkje behov for i Kvassneset. Å reinse for 23000pe kan vi gjere ein annan plass, det må ikkje fordyrast ved å legge i fjell – det kan leggest vekk frå tettbygde område som for eksempel i Galtaråsen.

Pumpestasjon ved Kvassneset

Eg ber om at denne vert senka betydeleg i terrenget og at det får ein fasade som er i tråd med omgjevnadane (torvtak, tømmervegger). Dette vil ligge kloss i vegen til badeplassen i Kvassneset, og vil lett kunne opplevast sjenerande.

Kvassneset vert brukt heile året, og er eit ynda område for fising, bading, grilling, bål og anna sosialt rekreasjon. Det er ei av veldig få stader i Knarvik der ein faktisk kan gjere denne type aktivitet – og dette bør kommunen passe på å ikkje gjere skade på.

Folkehelsa vår

Folkehelse handlar om meir enn lukt og støy! Det handlar om alle sin moglegheit til rekreasjon, trening og trivsel i stimulerande omgjevnader. Å bygge dette store industribygget så tett på parkanlegget tek bort denne moglegheita for folk som bur i området.

Formålet med denne folkehelselova er «å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, **gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse**».

«Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

Eg ber om at de set dykk inn i kva folkehelselova krev av ein kommune for å kunne ta i vare folket si fysiske og psykiske helse. Å redusere parkanlegget rundt Kvassnesstemma i staden for å bygge ut vil ha store konsekvensar for dagens befolkning og framtidige generasjonar.

Oppsummert

- Ein må ikkje omregulere overgangen mellom helsehuset og Kvassnesstemma til midlertidig parkeringsplass. Dette området må fullførast slik det er skildra på side 31 i kvalitetsprogrammet for Knarvik.
- Rusomsorgsbustader må trekkast så langt som mogeleg frå Kvassnesstemma for å bevare parken Kvassnesstemma.
- Kommunen må stoppe planane om lokasjon av reinseanlegg i området med Kvassneset, då bygget er i strid med reguleringsplan og kvalitetsprogram for Knarvik. Ein må lage ei eiga sak der ein finn lokasjon ein annan stad for reinseanlegget.
- Ved etablering av pumpestasjon på Kvassneset må den senkast så mykje som mogeleg for å verne området med badeplassen mest mogeleg. Den må ha fasade som går i eit med omgjevnadane.
- Politikarane må sikre at parkanlegget ved Kvassnesstemma vert bevart og vidareutvikla. Det har stor verdi i dag og i framtida for innbyggjarane.

Til politikarane:

Eg har eit hjartesukk til dykk, og det er at de må arbeide for at denne type prosessar ikkje vert handsama på denne måten mot lokalsamfunn. Viss vi vil at dei demokratiske prosessane skal fungere må det vere betre kommunikasjon mellom dykk og folk. Vi som naboar i Kvassneset opplever det «tilfeldig» at vi får med oss dei politiske prosessane, folk seier det betyr ikkje noko om vi seier ifrå – politikarane høyrer ikkje på oss. Og at administrasjonen driv politikk der de som politikarar vert administrasjon. Det vert opplevd tilfeldig kven som får nabovarsel og dermed tilfeldig i kva grad ein kan delta i politiske prosessar. Bruk digitale løysingar for å nå folk.